



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 01.10.2018
Vår ref.: 2016/10646-12
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Våge – gnr. 99 bnr. 4 og bnr. 1- dispensasjon - riving av bygg oppføring av ny bustad og sekundærbustad samt etablering av ny tilkomstveg - Lindås kommune

Me viser til e-post mottatt 20.09.2018 om ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional mynde innan kulturminnevern.

Sakshistorikk

Fylkeskommunen fikk saka til uttale frå Lindås kommune, den 03.10.2016, me hadde på det tidspunktet ingen merknader til saka. Det blei fatta vedtak av kommunen 23.11.16 og 28.06.2017. Kommunen sitt vedtak frå 28.06.2017 ble oppheva av Fylkesmannen 18.01.2018. I brev frå Lindås kommune til tiltakshavar datert 13.02.2018: «Vedkomande handsaming av klage etter oppheving av vedtak frå Fylkesmannen», er kommunen sin førebelse vurdering av byggesaka at «det er openbart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettighetane søknaden føresetjar, og skal følgjeleg avvisast», jf. pbl § 21-6.

Innmelding av arkeologiske funn på gnr. 99, bnr. 1

Hordaland fylkeskommune fekk melding den 07.08.2018 om moglege arkeologiske funn på gnr. 99 bnr. 1, og Fylkeskonservatoren innhenta funna den 09.08.2018. Det blei opplyst om at funna er gjort på hovudtunet blant anna under arbeid i grønsakshagen og i tilknytning til opparbeiding av eksisterande biloppstillingsplass, begge i nærleiken av omsøkte veg (Lindås kommunens sak: 16/1342).

Funna som er diagnostiske er klassifisert til ulike arkeologiske periodar:

- Del av bakstehelle, primært middelalder men er også i bruk i vikingtid.
- Fiskesøkke av kleber med dekor, steinalder.
- Grønnsteinsavslag, råstoffet hovudsakeleg i bruk i eldre- og yngre steinalder.
- Jernslagge frå eldre jernalder.

På bakgrunn av innmeldte arkeologiske lausfunn blei Lindås kommune den 15.08.2018 informert om at Fylkeskonservatoren ynskte saka oversendt slik at me kunne gje vårt fråsegn i saka. I samband med vår sakshandsaming blei det utført ei kulturhistorisk synfaring på gnr. 99, bnr. 1 den 18.09.2018, dette for å avgjere om den omsøkte vegen kan råke hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Dei innleverte funna indikerer at det er potensial for å gjere funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne i det aktuelle området. Dette kan til dømes vere graver utan overflatemarkering, busetnadsspor, spor etter jernframstilling, eller anna.

Under synfaring på staden blei det konkludert at det vil vere naudsynt med ei mindre arkeologisk registrering for å avklare om det det finst bevarte førhistoriske strukturer i grunnen i den omsøkte vegtraseen. Arkeologisk registrering er heimla i § 3 i kulturminnelova.

Konklusjon

Kommunen sin førebelse vurdering i brev datert 13.02.2018 er at saka skal avvisast på grunn av privatrettslege forhold. Ved innsending av ein eventuell ny søknad til kommunen og før det vert fatta vedtak etter pbl kap. 20, ber me om at saka vert sendt oss som kulturminnemynde, slik at me kan utføre den arkeologiske registreringa.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.